

## Innhold

Oppsummering.....	1
Innleiing .....	2
Plankartet .....	2
Framlegg:.....	3
Arealføremål.....	3
Landbruk og skogbruk .....	3
Skogbruk.....	3
LNF-spreidd bustad .....	4
«Grøntområdekart» .....	4
Juvikstølen 3 .....	4
Framlegg:.....	4
Omsynssoner .....	4
Omsynssone landbruk.....	5
Omsynssone skogbruk.....	5
Omsynssone (H570_1) Trondhjemske postveg.....	5
Kulturmiljø (H570) .....	5
Framlegg:.....	6
Bandlegging for E39.....	6
Framlegg.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Føresegningsområde (kap.4.4).....	7
Framlegg:.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Framlegg:.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>

## Oppsummering

For dårlege kart og uklare grenser

For store konsekvensar og for mange kostnader å bere for nokre få

Demokratisk problem.

Brot på Kulturminnelova å ta ut omsynssone Isdal for E39

Overkøyning av jordbruk og skogbruk

Folkehelselova ikkje følgd. Folkehelse er eit samansett problem.

Skogbruk er klimavenleg

For lettvindt å legge til nye ønskjer frå politisk hald (ref. sti over Isdalsfjellet (Indregardsfjellet)).

Trafikkøysingar må vere meir langsiktige og ta i bruk moderne teknologi i området KAA.

Manglande fellesløysingar og tverrfagleg tenking – for mykje planfagleg og sektorisert

## Innleiing

Isdal er eit kulturlandskapsområde med høg regional verdi som inneheld eit av få rimeleg intakte klyngetun i Hordland eller Vestland om ein vil. Tunet har ein struktur og innhald som i stor grad er uendra dei siste 200 åra. Nær tilknytning til Knarvik gjer at gardsområdet med innmark og utmark i dag er under valdsamt press. Både i høve til moglege nye veganlegg, men og utvida busetting i Knarvik.

I ein plan som denne har eit slikt gardsområde svært mange kryssingspunkt. Ved oppstart av plan prøvde me å gjere desse synlege gjennom innspelet vårt. Til trass for eit godt møte med Lindås kommune, opplever me at det er svært mange tema, val og handlingar som til dels rører sterkt med vår eigedom som definitivt kunne vore gjort i ein form for dialog.

Me meiner bestemt at må vere moglege å føre en dialog med type grunneigarar som oss utan om dei formelle høyringsfristane. Desse er lovpålagt, men gjev jo berre ramme for eit minimum av den innsatsen kommunen bør eller må leggje til grunn for å virke saman med innbyggjarane sine. Me meiner me tydeleg og klart har fremja ønskje om slik dialog utan å verte høyrte eller sett at Lindås kommune hat tatt initiativ til slik dialog. Det å kunne svare på så omfattande dokument krev høg og spesialisert kompetanse, både innanfor jus og det reint planfaglege. Det er i tillegg tidkrevjande materiale å setje seg inn i.

Mykje av denne grunn vert det eit langt innspel over den rekkja med kryssingspunkt som ligg mellom Lindås kommune og gardsområde Isdal. Det er to hovudpunkt som er vanskelege. Det eine er Lindås kommune si prioritering av veg og nedbygging av landbruksareal.

Det andre er ei tilnærming til landbruks- og skogsareal i høve til utøvinga av friluftsliv som me meiner gjerast meir vanskeleg ein naudsynt og som legg opp til ein varig diskusjon eller konfliktstemning i høve til oss som grunneigar. Det burde vere dialog og felles utnytting. Me registrerer og meiner det er trist at det vert framheva som positiv av vedtaket om utlegging av plan var samrøystes. Det er naturleg opplagt at me meiner Lindås kommune ikkje veljer rett strategi for å utvikle og handtere eit pressområde og dei fleirsidige interessene.

---

## Plankartet

Me ønskjer først å kommentere at karta er store og vanskelege å laste ned til ein slik storleik at ein kan sjå detaljar alle stader. Og somme stader er det naudsynt med detaljar. Som ein stor grunneigar er det òg ein prosess å få totaloversikt over det som gjeld oss, i stor grad grunna presisjonsnivået i

kartet, men også grunna det reint planfaglege og innsikta i lovverk. Me er takksame for at administrasjonen har låg terskel for å gi ut kart i A0! Det er naudsynt. Det er framleis krevjande kart å lese og tolke alle ulike føremål i. Det er nær umogleg å lese og i tillegg er fleire omsynssoner teikna på same måte i kartet i følgje teiknforklaringa.

Me finn heller ikkje klargjerande materiale på heimesida til Lindås kommune. Me ber derfor at det vert laga og gjort tilgjengeleg meiningsfylt og handterbart grunnlag som gjer at me faktisk kan ta i vare våre interesser.

#### Framlegg:

- a) Det må produserast eit grunnlagsmateriale som er handterbart. Det mottekne materiale er ikkje mogleg å tyde på ein meiningsfylt måte og me kan ikkje som grunneigar ta i vare våre interesser
- b) Dette gjeld særskilt omsynsona friluftsliv og begge for landbruk

## Arealføremål

### Landbruk og skogbruk

Isdal er eit landbruksområde som er i full drift. All innmark vert slått eller beita. Samstundes ønskjer me å bruke utmarka slik at me kan utnytta ressursane garden gjev. Heile eigedomen, gardsområde med inn- og utmark er i dag lagt ut som arealbruksføremål Landbruk- natur og friluftsliv (LNF) og det burde eigentleg vore nok. Både landbruk, natur og friluftsliv er tekne i vare på like vilkår.

Så kan ein gjere prioriteringar innan for området og framheve einskilde føremål, og det ligg i framlegget til gangs:

- Fyrst LNF som i utgangspunktet er tilstrekkeleg
- Så eit føresegningsområde #18 som gjeld friluftsliv, er oppgitt til å vere 1686 da, noko som etter sannsyn er det meste av utmarka. Det er særskilt uheldig at denne markeringa legg opp til å kunne oreigne, på eit svært svakt grunnlag når tendensen er at allemannsretten vert sterkare. Jordlova burde vore prioritert over friluftsliv. Dette ville vore i tråd med nasjonale retningslinjer.
- Vidare er det eiga omsynssone for friluftsliv H530\_7 kalt Indregardsfjellet, som er feil namn da området heiter Isdalfjellet

### Skogbruk

På området på Isdalfjellet som er merka av som omsynssone friluftsliv er det planta produksjonsskog Denne er no hogstmoden. Skoglova pålegg oss som skogeigar å ta ut skog. Isdal skogeigarlag står på trappene til å starte bygging av skogsveg inn i området. I perioden skogen vert tatt ut, vil friluftslivinteressene måtte vise aktsemd. Når uttak av skog er ferdig vil allmenta ha tilgang til skogsveg inn mot og langs Langevatnet.

Det er stor slitasje på stiane. Over tid har me søkt å finne avklaring både med Knarvikmila, Skiklubben og Lindås kommune om korleis ein skulle løyse dette. Det har ikkje alltid lukkast like godt, men me opplever no å vere i god dialog og samarbeid med Knarvik idrettslag. I desse dagar rustar me opp stiar med mellom anna legging av klopp frå vasstårnet og opp mot gamleskolen. Her samarbeider me med Knarvik barneskule som har valfag «vaktmeister» i 5.-6. trinnet.

## LNF-spreidd bustad

For å sikre busetnad og utvikling i tunet på ein framtidsretta måte ønskjer me framleis at det vert definert ei sone kring tunet som er LNF-spreidd bustad. Sjølv om dei fleste av oss som bur her held til i eldre hus vil det vere naudsynt og utvikle bygningsmassen også her. Det er ikkje sannsynleg at alle gardane vil ha sjølvstendig drift igjen og dette er ikkje eit museum. Planutvalet meiner jo tydelegvis at tunet ikkje har verdi som kulturmiljø, men er viktigare som veggrunn.

## «Grøntområdekart»

Temakart for grøntstruktur viser stinettverket i ulike delar av planområdet. Me meiner det er misvisande å framstille regulerte uteareal nede i Knarvik og utmark elles med same farge og omtale. Vidare er det vist stitrasear som er trekt langt inn over beite og innmark, inn i tunet og fram til stoveglasaset. Sjølv om det oftast er udramatisk med turgåarar på innmark, er det likevel ei rekkje døme på uheldige episodar knytt til hund og beitedyr. Me meiner difor at det er stor skilnad på at stiar på innmark ligg ute på eit offentleg kart, og om den enkelte turgåar finn stien på eiga hand.

## Juvikstølen 3

Me har i tidlegare innspel (oppstart) fremja framlegg om at område nord for eller i forlenginga av Juvikstølen 2 vert lagt inn som bustadområde. Med den reduserte eller moglegvis skrinlagde utbygginga rundt Lonena vil og kan det vere naudsynt med tilgjengeleg bustadareal i rimeleg nærleik til dei fleste samfunnsfunksjonar. Ein kan sjå på det som ein plan B. Arealet er solvendt, har sjøutsikt og ei tilrettelegging vil kunne opne for gang- og sykkeltrase med god utsikt ned mot dagens rundkøyring i Isdalstø. Traseen er teikna inn i den gamle Isdal-Gjervikplanen frå 60-70-talet. Innspelet er samrøystes frå grunneigarane. Dette ville også vore ei betre løysing enn turstien som er teikna inn i dagens kart.

### Framlegg:

- a) Omsynssona for friluftsliv over produksjonsskogen knytt til Isdalfjellet vert tatt ut (H530\_7)
- b) Føresegnssområde #18 tas ut. Ved endring til omsynssone må tekst inkludere landbruks- og skogsdrift
- c) LNF-spredt Bustad, sone kring bygningsmassen i tunet vert lagt inn der tiltak (utviding, nybygg..) kan gjerast i samråd med kulturminnemynde
- d) Vedlegg «Grøntområdekart» burde nyanserast dei ulike arealføremåla omtale i planskildringa (pkt 2.1. 13) kjem ikkje fram i det heil og me ber om at «stiar» teikna inn på på innmark tas vekk
- e) Ta inn området for bustad i forlenginga av Juvikstølen 2 i tråd med tidlegare innspel

## Omsynssoner

## Omsynssone landbruk

Det er for så vidt positivt at ein legg til grunn at og anerkjenner at Isdal er eit viktig landbruksområde. Samstundes er det ikkje mogleg for oss gje heilt tilslutning til framlegget da det ikkje er mogleg å lese eller tolke i kartet kva sona eigentleg dekker.

## Omsynssone skogbruk

Isdal har eit stort areal med produksjonsskog som i stor grad er hogstmoden. Som grunneigar er med pliktig til å drive skogen og me står på trappene til å starte planlegging av skogsveg. Etter hogst vil ein etter alt sannsyn plante ny skog og ha ønskje om å forvalte denne. I så måte kunne det vere på sin plass å og prioritere areal for produksjon av skog.

Me har difor ønskje om, at viss det skal vere ei omsynssone, vert sona H530\_7 for friluftsliv endra til prioritert sone for skogbruk. Tur- og friluftinterssene vil verte ivaretatt, men må i større grad vise aktsemd. Skogvegen frå Langevatnet mot Åse og opp dalen på austsida av Isdalfjellet mot Gjervik vil etter kvart verte eit godt tilbod for ulike grupper og aktivitet. Vegen kunne på sikt først vidare i dalføret over mot Gjervik

## Omsynssone (H570\_1) Trondhjemske postveg

Planskildringa (pkt 3.1.17) går det fram at det skal vere ei omsynssone på 10m på kvar side målt frå kant grøft. Dette er fulgt opp i førsegna punkt 4.1.6. For Isdal og busetinga her som har vore i stor grad uendra i høve til veglinja dei siste 150 til 200 åra står det fram som ikkje mogleg å etterleva då sona mellom anna vil dekke hage, bustad, driftsbygning og dyrka mark. Område som aldri har hatt noko med vegen å gjere.

Vidare er vegen kommunal og seinast sist sumar vart det gjort vedlikehald på grusvegen der den vart fresa opp i ei djupn på 30-50cm for seinare å verte lagt på nytt dekke. Både formuleringa og framstillinga i plandokumenta står fram som ...tja ubegripeleg og ikkje handterbar. Som bebuar og drivar av garden vil me verte «lovbrytar» nær sagt dagleg.

Målsetjinga om «reetablering» er slik me forstår det rett og slett ikkje mogleg slik det er skildra. Me erkjenner at veglinja har gått eller går der og me bur og på ei «postgard», men me skal jo leve, bu og utvikle garden dei neste 150 til 200 åra og.

## Kulturmiljø (H570)

Heile Isdal er i regionale registreringar kategorisert som kulturmiljø eller kulturminnemiljø. Me ønskjer at dette på lik linje med andre omsyn skal kome fram. Det å utelate slik grunnleggjande informasjon er i strid med overordna føringar. Ei slik synleggjering ville og ta i vare eventuelle behov for omsyn knytt til «Den Trondhjemske postvegen». Me veit at planutvalet anerkjenner den kulturhistoriske verdien, men med medvit og fullt overlegg tek dette ut i håp om at det skal vere lettare å byggje nær kulturlandskap og landbruksareal med meir veg.

Heile skildringa knytt til kulturmiljø og kulturminne (pkt 4.1.5) vert hol, meiningslaus, sjølvmotsigande og utan rygggrad når ein vel å ha omsynsone for postvegen i plankartet, medan ein med medvit tek vekk klyngetunet, kulturlandskapet...ja kulturmiljøet med grunnlag i å prioritere meir veg å leggje til rette for auka trafikk når det motsette burde skje.

### Framlegg:

- 1) Omsynssona som gjeld kommunal veg tas ut da førmålet som sona har som intensjon å ta i vare ikkje heng saman med korleis veglinja kan ha vore tidlegare og korleis busetnad og gardstunet fungerer
- 2) Viss omsynssona i det heile skal vere i plan må den reduserast til å gjelde vegen og vegbreidda
- 3) Omsynssona H530\_7 som gjeld friluftsliv vert endra til å prioritere skogbruk
- 4) Namnet på omsynssona, Indregardsfjellet er feil, og må rettast til Isdalfjellet
- 5) Me vil at dei regionale registreringa/kartlegginga for Isdal som gjeld kulturmiljø vert lagt inn i plankartet. Det å ikkje gjere dette vil vere i strid med overordna føringar.

## Bandlegging for E39

Me ser at bandleggingssona for E39 er stor og kan vere vanskeleg å handtere. Me erkjenner og at det er naudsynt med endra trafikklysing i Knarvikområdet. Likevel er bandleggingssona utforma på ein slik måte at me må fremje forslag om endring eller utforming. Slik me har forstått sona er den for området Isdalstø – Åse ei dagsone. Det betyr at viss det nokonsinne skulle verte bygd veg vert det i utgangspunktet i dagen.

Uavhengig av linjeføring vil dette vere heilt øydeleggjande for gardsområde Isdal og Åse. Enten vert moglegheita for å drive gardane øydelagt på grunn av tapet av areal og matjord og eller så vil det verte nær ulevelig å bu kloss opp til hovudveg ned i ein trong dal der lyden står å slår og svevestøvet legg seg overalt.

Me meiner det er nær sagt ikkje levelig at ein signaliserer at det skal vere dagsone, altså alt av veganlegg i det fri i heile dette sentrale og viktige landbruks- og kulturlandskapsområde. Det synast ekstra uheldig at ei mogleg tunnelloysing mot Alversund berre har eit alternativ, noko som gjer bandlegging svært dramatisk for oss som bur og driv gardområde på Isdal og Åse.

Utfordringa med støv og særleg støy er til stades allereie i dag. Trafikkvolumet har auka mykje og vegvesenets fartsaukande tiltak langs vegen har berre gjeve meir støy.

Me meiner elles at trafikklysingane i Alversund må vere meir framtidsretta og klimavenlege. Det finst allereie i dag sjølvkjørande bilar som fungerer som skytteltrafikk andre stader i verda. I løpet av få år (og iallfall før ein ny tunnel er ferdig) vil det vere enklare, billigare og tryggare å få tilgang til slik teknologi. Det vil gjere kollektivtrafikken i dei mest tettbygde områda av Lindås betre og det vil kunne avlaste vegnettet, utan at ein treng dei store investeringane i infrastruktur. Ein bør også legge opp til auka bruk av elektriske sykklar for å lette på biltrafikken.

I «KDP KAA 2031-2042» bør ein også leggje opp til båtkai ved Alversund for ferdsle mot Knarvik, Frekhaug og Bergen. Med ny og betre teknologi må ein forvente at også båtdrift vert rimelegare og meir miljøvenleg. Med auka folketal, vil ein ha eit heilt anna passasjergrunnlag enn i dag. Ein vil skape møtestader og avlaste vegnettet. Totalt må det vere eit mål å ha nedgang i biltrafikken i området. Då vil også behovet for tunnel reduserast.

## Føresegningsområde (kap.4.4)

- a) Føresegningsområde #18 Lonena-Isdal er oppgitt til å vere 1686 da og er umogleg å identifisere i plankartet slik det er framstilt. Me finn teksten #18. Formuleringa er slik at det ikkje tillet tiltak eller fysiske inngrep som skal vere til hinder for tur- og friluftsliv. Som me har teke opp ovanfor ønskjer me at denne vert teken ut eller så må den i naudsynt grad omtale landbruk- og skogsdrift.
- b) Det ser ut til at føresegningsområde har puffa ut den etter kvart innarbeidde markagrensa som me meiner var og er eit meir forståeleg og tydeleg omgrep. Både i ord og i kartet. Viss ein tar denne inn igjen og tar vekk nær sagt alle omsynssonene vil markagrensa vere meir tydeleg og kartet lettare og lese. LNF-område vil uansett i botn og handterer landbruk, natur og friluftsliv på like fot. H510 (landbruk) må utvidast på Isdal. Det er planlagt beitedyr på det arealet som ligg inne som #18. H530 må fjernast. Dette er i strid med jordlova og nasjonale føringar om jordvern.

Også for #10 Kyststi er det uklart på kartet og krevjande å finne ut nøyaktig kva som er inkludert. Fleire av oss har naust eller naustetomter i Isdalstø eller Herlandsstøa. For #10 er det tilknytt lakserettar og oppheng for laksenøter lands kyststripa til 185/1.

#21 Kyststien. Av kartet ser det ut til at dette gjeld ein annan del av kyststien enn den som er knytt til våre areal. Sjå elles #10 for kommentarar.

H310 Ras og skredfare – er dette naudsynt på Isdalfjellet? Det skal ikkje byggjast bustader i området og i høyringsutkastet ligg det inne som omsynssone friluftsliv.

### 1. Folkehelse og helsefremming

- a) Folkehelseloven seier at kommunen skal ha tilgjengeleg oppdatert og lokal kunnskap om ei rekke tilhøve som kan ha påverknad på innbyggjarane si helse og livskvalitet. Denne samansette og ofte prioriterte kunnskapen skal ein bringe inn i planarbeidet og fremje strategiar og eller tiltak både i samfunns- og arealplanar. Nokon er langsiktige og andre kan vere meir konkrete

Ein finn ikkje klart eller tydeleg noko som tydar på at Lindås kommune har slik oversikt basert på samansett regional og/eller lokal kunnskap. Grunnlag for å ta eit målretta og grunngjeve val knytt til tiltak er i så måte ikkje til stades. Det er mykje som er utgreidd, men grunnlagsdokumentet knytt til helse er eit av svært få som er lovpålagt. Det er slik sett ein mangel for å ta grunngjevne val i arbeidet med fysisk utforming av omgjevnadane.

Lindås kommune gjer utvilsomt mange gode tiltak, men slik det står fram kan ein seie, satt på spissen, at ein ikkje veit heilt kvifor ein gjer tiltaka, dei er moglegvis i liten grad tufta på lokal kunnskap, ein har ikkje ei oppfølging eller systematikk som seier noko om tiltaka verkar og tiltak har ikkje utspring frå plan eller ei omforent målsetting eller strategi om helsefremming.

- b) Utfordring med støy er stor på Isdal og belastninga vert liggjande i dalen, kaste fram og tilbake er oppleveinga. Me har i svært liten grad tillit til Statens vegvesen sine simuleringar av støy. Tidlegare vaks det kantvegetasjon i skråninga/fyllinga opp dalen og denne har tatt mykje av lyden/hjulstøy som me opplever vert kasta ut mellom underkant av autovernet og bakken.